



Alle kommunar i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon

Andreas Lillehei Aarset, 71 25 85 77

## Rundskriv 2025-1 RMP - Kommentarar til Forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket - Møre og Romsdal

Dette rundskrivet erstattar rundskriv 2024-1 RMP

### Innleiing

Regionale miljøtilskot skal stimulere til ein auka miljøinnsats i jordbruket. Miljøutfordringane er ulike rundt om i landet. Miljøtilskota er derfor utforma for å ivareta dei regionale miljøutfordringane. Kvart fylke har sitt miljøprogram med tiltak innanfor ulike miljøtema: kulturlandskap, biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv, avrenning til vatn, utslepp til luft, plantevern, jordhelse, miljøavtale og klimarådgjeving.

2025 er det tredje året i ein treårsplan for regionale miljøtiltak. Planen er forlenga med eit år fordi Landbruksdirektoratet skal vurdere ordninga i 2025. Forskrifta er bygd over same mønster i alle fylke, jf. nasjonal instruks for regionale miljøtilskot, men kvart fylke kan velje mellom tiltaka som ligg i det nasjonale miljøprogrammet og prioritere mellom desse. Dette fordi miljøutfordringane kan variere frå fylke til fylke. Årlege rammar er fastsett i jordbruksavtalen. Nokre satsar er også fastsett der.

Kapittelinnndelinga følgjer tilsvarande inndeling i forskrifta. Kapittel 1 inneheld innleiande føresegner, kapittel 2–7 inneheld dei ulike tiltaka og kapittel 8 inneheld generelle føresegner.

### Oversikt over endringar

- § 4 Føretak kan ikkje søke på både slått og beiting for det same arealet
- § 9 Avtale skal leggast med i søknaden
- § 14 Viktig at kommunen kontrollerer at talet på dekar stemmer med talet på fangdammar



## Innhold

<b>Kapittel 1. Innleiande føresegner .....</b>	<b>3</b>
§1. Føremål .....	3
§2. Verkeområde .....	3
§3. Grunnvilkår .....	3
<b>Kapittel 2. Kulturlandskap .....</b>	<b>4</b>
§4. Drift av bratt areal .....	4
§5. Tilskot til drift av beitelag .....	4
§6. Tilskot til slått av verdifulle jordbrukslandskap .....	5
<b>Kapittel 3. Biologisk mangfold .....</b>	<b>7</b>
§7. Tilskot til slått av slåttemark .....	7
§8. Tilskot til beiting av kystlynghei .....	7
§9. Tilskot til tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl .....	8
<b>Kapittel 4. Kulturminne og kulturmiljø .....</b>	<b>9</b>
§10. Tilskot til drift av seter .....	9
§11. Tilskot til skjøtsel av enkeltstående freda kulturminne .....	10
<b>Kapittel 5. Avrenning til vavn og kyst .....</b>	<b>11</b>
§12. Tilskot til ingen jordarbeiding om hausten .....	11
§13. Tilskot til grasdekt kantsone i åker .....	11
§14. Tilskot til vedlikehald av fangdam .....	12
<b>Kapittel 6. Utslepp til luft .....</b>	<b>13</b>
§15. Tilskot til spreiling av husdyrgjødsel i vår-/vekstsesongen .....	13
§16. Tilskot til nedlegging av husdyrgjødsel .....	13
§17. Tilskot til nedfelling av husdyrgjødsel .....	14
§18. Tilskot til bruk av tilførselslanger .....	14
<b>Kapittel 7. Miljøavtale og klimarådgjeving .....</b>	<b>15</b>
§ 18. Tilskot til klimarådgjeving .....	15
<b>Kapittel 8. Generelle føresegner .....</b>	<b>16</b>
§ 19. Utmåling og utbetaling av tilskot .....	16
§ 21. Søknad .....	16
§ 22. Administrasjon, dispensasjon og klage .....	16
§ 23. Opplysningsplikt og kontroll .....	16
§ 24. Avkorting av tilskot .....	17
§ 25. Tilbakebetaling og renter m.v. .....	17
§ 26. Iverksetjing .....	17



## Kapittel 1. Innleiande føresegner

### §1. Føremål

Føremålet med denne forskrifta er å bidra til å ta vare på jordbruket sitt kulturlandskap, biologisk mangfald, kulturmiljø og kulturminne, redusere utslepp til luft og avrenning til vatn frå jordbruket samt bidra til andre tiltak som kan redusere klimautslepp.

Det langsiktige målet for dette miljøprogrammet er å utarbeide tiltak som medverkar til eit miljøvennleg landbruk, som også har økonomisk berekraft. Samstundes skal landbruket ivareta verdiar som samfunnet ønskjer å prioritere, slik som det opne og velstelte landskapet med kulturminne og biologisk mangfald.

### §2. Verkeområde

Forskrifta gjeld for tilskot til miljøtiltak i Møre og Romsdal fylke.

#### Kommentar

*Føretak med driftssenter i eit anna fylke, som utfører miljøtiltak i Møre og Romsdal, kan få tilskot til desse tiltaka etter reglane i Møre og Romsdal.*

### §3. Grunnvilkår

Tilskot til miljøtiltak etter denne forskrifta kan berre gjevast til:

- føretak som har gjennomført tiltak på areal dei disponerer i søknadsåret samt driv vanleg jordbruksproduksjon på ein eller fleire landbrukseigedomar og er registrert i Einingsregisteret, eller
- beitelag, jf. § 5, som er godkjent av kommunen og som er registrert i Einingsregisteret, jf. enhetsregisterloven av 13.06.1994, nr. 15.

#### Kommentar

*Grunnvilkåra svarar til vilkåra for å motta produksjonstilskot. I tillegg kan beitlag godkjende av kommunen søkje om tilskot til drift av beitelag.*



## Kapittel 2. Kulturlandskap

### §4. Drift av bratt areal

Tilskot kan gjevast til føretak som driv minimum 5 dekar fulldyrka eller overflatedyrka jord med ei helling på 1:5 eller brattare. Det må takast avling på arealet, enten ved slått eller beiting. Ved bruk av beiting må det kombinerast med beitepussing.

Tilskotet blir utmålt per dekar.

#### Kommentar

*Areal som ligg for seg sjølv, omkransa av areal med andre arealtilstandar enn fulldyrka og overflatedyrka jord, kan takast med i søknaden, dersom det er minst 1 daa.*

*Føretak kan ikkje søke på både slått og beiting for det same arealet.*

*Arealtala kjem fram etter teikning i kartet i eStil.*

### §5. Tilskot til drift av beitelag

Tilskot kan gjevast til drift av beitelag som organiserer felles beitebruk i utmark i minimum 5 veker i sommarhalvåret.

Tilskotet blir utmålt per dyr.

#### Kommentar

*Føremålet med tiltaket er å legge tilhøva til rette for best mogeleg utnytting av beite i utmark, og å redusere tap av dyr på utmarksbeite gjennom organisert tilsyn, organisert sanking og andre målretta fellestiltak i beiteområde.*

*Søknadsfristen er 15. november.*

*Tilskot kan gjevast til beitelag som organiserer felles beitebruk for sau, geit, storfe og hest i utmark i minimum 5 veker i sommarhalvåret. Tilskot kan gjevast med eit fast beløp per storfe/hest og per småfe som blir sleppt på beite.*

*Mjølkande kyr og geiter, og dyr som heile beitesesongen beitar på innmark, er ikkje omfatta.*

#### Godkjenning og krav til beitelag:

*Eit beitelag må ha minst 2 medlemar og 150 småfeeiningar.*

*1 småfeeining = 0,1 storfe = 0,1 hest = 1 sau = 1 lam = 1 geit = 1 kje.*

1. Husdyrhaldet som er omfatta av beitelaget si verksemd, må drivast i samsvar med lover og forskrifter som gjeld for husdyrhald.
2. Beitelaget må vere registrert i Einingsregisteret.
3. Laget skal vera ope for alle brukarar som har tilgang til utmarksbeite i eit område der samarbeid kan fremje bruken av beiteområda
4. Laget skal bruke alle tilskot til å fremje den organiserte beitebruken i området gjennom felles tiltak. Tilskotet kan ikkje betalast direkte ut til medlemmane i beitelaget.



5. *Laget skal organisere effektivt og forsvarleg tilsyn og sinking av dyr i laget sitt område. Det skal gjennomførast tilsyn i beiteområdet minst ein gong per veke, i samsvar med «Forskrift om velferd for småfe».*
6. *Laget skal samarbeide med tilgrensande lag når det kan effektivisere ressursbruk og utnytting av beita. Dette gjeld særleg sinking og ettersinking.*
7. *Laget skal notere opplysningar om gjennomført tilsyn (dato, tilsynsrunde, unormale tilhøve i beiteområdet og tiltak som er sett i verk). [Norsk Sau og Geit har utarbeidd skjema og notisbøker for føremålet](#). Statsforvaltaren og kommunen kan be om å få lagt fram denne dokumentasjonen.*
8. *Laget skal legge ved siste årsrapport eller beskrive aktiviteten under «merknader fra søker» i søknadskjema.*

## §6. Tilskot til slått av verdifulle jordbrukslandskap

Tilskot kan gjevast til føretak som driv jordbruksareal innanfor nærmeste avgrensa soner med særleg verdifullt kulturlandskap.

Det er prioriteringane i dei nasjonale registreringane av verdifulle kulturlandskap og registreringane i Storfjordprosjektet som ligg til grunn for dette tiltaket. Det er ikkje rom for nye område under dette tiltaket. Sjå [kart for dei ulike kommunane](#). Områda er avgrensa slik:

1. **Sunndal kommune**  
Grøvvassdraget; alt areal som har avløp til elva Grøvu frå og med Børstølen og oppover.
2. **Molde kommune**
  - a. Eikesdalen; alt areal frå og med gardane Vike og Hoem og oppover
  - b. Areala på Bugge; frå og med Breivika til og med Bleineset
  - c. Tautra 3. Rauma kommune: Romsdalen; alt areal frå Trollveggen til Oppland grense.
3. **Rauma kommune**  
Romsdalen; alt areal frå Trollveggen til Oppland grense
4. **Fjord kommune**
  - a. Alt areal i nedslagsfeltet til Dyrkornvassdraget og Stordalsvassdraget ovanfor Vad bru (Nøredalen)
  - b. Alle bygdene på sørsida av fjorden frå og med Tafjorden til og med Indreeide
5. **Stranda kommune**  
Heile Geirangerbygda og alle fjord vendte gardar på begge sider av fjorden frå og med Ljøen til og med Liene, vidare på nordsida av fjorden frå og med Ansok til grensa mot Fjord kommune.
6. **Ørsta kommune**  
Norangsfjorden og Norangsdalen
7. **Herøy kommune**  
Runde, Nerlandsøya og Skorpa



8. Giske kommune

Området ved Alnes fyr

9. Hustadvika kommune

- a. Buaværet og alt areal vest for Nasjonal Turistveg frå Bergset til grensa mot Eide kommune
- b. Vevangbygda og Årsbogen

10. Averøy kommune

Øyane langs Atlanterhavsvegen samt eksisterande jordbruksareal i områda nordaust for Atlanterhavsvegen, til og med Storesandøy, Hasseløyseter og området rundt Vågavatnet. Deretter går avgrensinga sørover til Rangøyvegen og følgjer denne til krysset med fylkess veg 64 (Kårvågvegen). Mot sør vert området avgrensa av Kårvågvegen mellom krysset med Rangøyvegen og krysset med Atlanterhavsvegen, vidare av Tøvikvegen (kommuneveg 6072) så langt vest som til og med Grovaneset.

11. Smøla kommune

Sørsmøla; alle gardane frå og med gnr. 14 Kuløy, til og med gnr. 42 Skarpnes. Tiltaket omfattar ikkje dei nydyrka myrane på Holmsvassmyra, Røkmyra og Jøstølmyra

12. Ålesund kommune

Heile Ulla, unnameke fjellet. Frå «bruvegen» på Flem og heile nordsida av Flemsøy/ Skuløy til og med nordlegaste garden på Nogva.

Det kan gjevast tilskot til areal som ligg innanfor desse sonene, når dei er godkjende for areal- og kulturlandskapstilskot i produksjonstilskot.

Arealet må haustast ved slått.

Beiting åleine eller i kombinasjon med beitepussing kvalifiserer ikkje for dette tilskotet.

Føretak kan få berekna tilskot for arealet som ligg innanfor sonene, uavhengig av kvar driftssenteret er plassert.

Tilskotet blir utmålt per dekar.



## Kapittel 3. Biologisk mangfold

### §7. Tilskot til slått av slåttemark

Tilskot kan gjevest til føretak som skjøttar artsrike slåttemarker som er spesielt verdfulle for biologisk mangfold i kulturlandskapet. Det er ein føresetnad at føretaket følgjer skjøtselsråd gitt av Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Vilkår:

1. Areal som skal ha tilskot må ligge i Naturbase eller vere registrert av statsforvaltaren og planlagt innlagt i Naturbase som slåttemark.
2. Arealet må vere i slik hevd, at dei verdiane som ligg til grunn for utveljinga framleis er til stades, eller vil komme attende ved planlagt restaurering.

#### Kommentar

*Føremålet er å stimulere til skjøtsel av artsrike slåttemarker, slik at ikkje det biologiske mangfaldet eller andre kvalitetar vert forringa. Det er seksjon Naturforvaltning som er kontaktpunkt hos Statsforvaltaren for desse spørsmåla. Seksjon Naturforvaltning kan også utarbeide skjøtselsplan for den enkelte slåttemarka.*



#### Skjøtselsråd

- Arealet må skjøttast som slåttemark.
- Arealet må slåast seint, vanlegvis etter 15. juli.
- Høyet må bakke- eller hesjetørkast.
- Høyet må fjernast etter tørk.
- Arealet må slåast med lette reiskap som ljå eller tohjuls slåmaskin.
- Arealet må ikkje bearbeidast i form av pløying, såing, gjødsling eller sprøyting.
- Arealet kan i tillegg bli haustbeita med lågt beitetrykk.
- Framande artar kan/bør fjernast.

### §8. Tilskot til beiting av kystlynghei

Tilskotet kan gjevest til føretak som held vedlike område med kystlynghei.

Vilkår:

1. Område det blir gitt tilskot til må vere registrert som kystlynghei i Naturbase.
2. Søkjaren må inngå skjøtselsavtale med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, for å sikre at tilstanden på kystlyngheia blir halden ved like.

Det skal vere god dyrevelferd, og husdyrhaldet skal vere i tråd med regelverk for husdyrhald og Mattilsynet sine tilrådingar.

Tilskotet blir utmålt per dyr og avgrensa til maksimalt 50.000 kroner per føretak.



## Kommentar

Føremålet er å stimulere til tradisjonell skjøtsel av kystlynghei gjennom beite. Seksjon Naturforvaltning hos Statsforvaltaren kan utarbeide ein tilpassa skjøtselsplan.

Det skal leggast vekt på dyrevelferd. I tiltaket er det eit krav om minst 10 daa beiteareal per vaksen småfe. Det skal først tilsyn med dyra minst ein gong i veka, i samsvar med «Forskrift om velferd for småfe». Dersom kvaliteten på beitet er slik at 10 daa beiteareal per vaksen dyr ikkje er nok til at dyra har tilfredsstillande førtilgang, må dyretalet reduserast. Beitetrykket bør vere stort nok til å oppretthalde kvaliteten på kystlyngheia.



## Skjøtselråd

- Beitetrykket skal vere slik at arealet sin eigenart blir oppretthalden. For hardt beitetrykk fører til at grasartane tek over. For svak beiting fører til at røsslyngen blir grov og vedaktig, og förverdien blir redusert. For å unngå dette, må det beitast jamt og eventuelt brennast der røsslyngen har blitt for gammal
- Området skal ikkje jordarbeidast, planerast eller tilførast gjødsel, såfrø eller plantevern-midlar.
- Det skal takast omsyn til eventuelle hekkeplassar for fugl, særleg under brenning.
- På lokalitetar med registreringar av raudlista fuglearistar kan det bli stilt krav om skjøtselsplan/brenneplan.
- Dyrehald skal vere i tråd med krava i Lov om dyrevelferd av 19. juni 2009 nr 97 Automatisk freda kulturminne og nyare tids kulturminne på omsøkte areal skal haldast ved like.

## §9. Tilskot til tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl

Det kan gjevest tilskot til tilrettelegging av hekkeplassar for utryddingstruga fuglearistar, dersom det er inngått avtale med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for gjeldande sesong.

Vilkår:

Avtale skal leggast med i søknad.

Tilskotet blir utmålt per dekar og avgrensa til maksimalt 20.000 kroner per føretak.

## Kommentar

Føremålet er å verne dei fuglearistane som over lang tid har tilpassa seg hekking på kulturmark. Effektivt jordbruk, særleg tidlegare hausting, kan slå ut heile bestandar av fuglearistar som tradisjonelt hekkar i slåttemark. Både egg, ungar og vaksne fuglar blir øydelagde i grashaustringa, fordi haustinga skjer før eggene er klekte eller ungane har forlate reirområdet. I tillegg vert areal ofte hausta frå kanten og inn mot midten, noko som avskjer rømingsvegane for fuglane. Dersom arealet vert hausta, bør det skje slik at fuglane kan kome unna.

Føretak kan få tilskot til å setje av areal, der det er registrert at utryddingstruga fuglearistar hekkar, slik at dette arealet ikkje blir slått før ungane har forlatt området. Tidlegaste slåttedato for slike areal er sett til 1. august.



Åkerrikса er den mest kjende utrydningstrua fuglearten som hekkar på innmark i vårt område, men storspove, vipe og grashoppesongar er også trua, og kan kvalifisere for tilskot. Det er seksjon Naturforvaltning hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal som inngår ein årleg avtale, avgjer kva fugleartar som kvalifiserer for vern, og kor mykje areal som må setjast av for at hekkeplassen skal ha tilstrekkeleg vern.

Arealet må kartfestast i ein årleg avtale mellom bonden og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

[Lenke med forslag på kjøyremønster](#) (Info frå Statsforvaltaren i Rogaland)

## Kapittel 4. Kulturminne og kulturmiljø

### §10. Tilskot til drift av seter

Tilskot kan gjevast til føretak som har heile eller deler av mjølkeproduksjonen på seter i sommarhalvåret. Føremålet er å bidra til å oppretthalde og stimulere til auka bruk av setrane i fylket.

Det må produserast minst 45 liter kumjølk eller 25 liter geitmjølk dagleg i setningsperioden. Produksjonen må skje innanfor kvote, eller i samsvar med forskrift om fritak frå overproduksjonsavgift ved lokal foredling av mjølk. Dyra skal mjølkast på setra.

Det kan søkjast på ein av de fire ulike tiltaka:

- Minst 4 veker drift av enkelt- eller fellesseter med mjølkeproduksjon
- Minst 6 veker drift av enkelt- eller fellesseter med mjølkeproduksjon
- Minst 4 veker drift av enkelt- eller fellesseter med foredling
- Minst 6 veker drift av enkelt- eller fellesseter med foredling.

Tilskotet blir utmålt per seter.

#### Kommentar

##### Drift av enkeltseter med mjølkeproduksjon

Føretak som har kyr eller geiter fordelt på to eller fleire setrar, kan berre få eitt setertilskot. Derimot kan føretak som har kyr på ei seter og geit på ei anna, få tilskot for to setrar.

##### Drift av fellesseter med mjølkeproduksjon

Der fleire samarbeider om setringa, skal tilskotet fordelast på tal deltagarar i fellessetra. Deltaking er uavhengig av om føretaket har skote inn eigarkapital i setra eller ei. Det avgjerande spørsmålet er kor mange som har hatt mjølkeproduksjon på setra i minst 4 veker eller 6 veker eller meir i sommarhalvåret.

På ei seter kan det vere fleire seterhus, der ulike føretak driv seter. For at seterdrifta til eit føretak skal definerast som eiga seter og ikkje fellesseter, skal det ikkje vere nemnande samarbeid med andre føretak om drifta. Kvart føretak skal til dømes ha kvart sitt husdyrrrom til mjølking, med eige mjølkeanlegg og tank.



*Alle deltakarane i fellessetra fyller ut sitt eige søknadsskjema, og fører opp tal deltakarar på kvart sitt skjema. Ved søknad om tilskot til fellesseter, skriv alle søkerane inn same tal deltakarar på setra. Kommunen må sjå til at alle på den same fellessetra fører opp/får godkjent like mange deltakarar, elles vert tilskotet feil utmålt, og det kan bli betalt ut både for lite og for mykje tilskot.*

#### Drift av enkeltseter med foredling

Føretak som driv seter, kan også få tilskot til foredling av mjølk. På seter der føretaket får tilskot til foredling, bør det vere mogeleg å få kjøpe lokalt foredra mjølkeprodukt. Å vise fram seterkulturen ved demonstrasjon av tradisjonelle driftsformer som kinning, separering, ysting, ljåslått, hesjing osv. vil vere svært positivt. På denne måten kan besøkande få oppleve seterkulturen både ved smak og ved å delta aktivitetar.

#### Vilkår for tilskot for foredling

1. Det skal bu folk på setra i minst 4 veker eller minst 6 veker om sommaren.
2. Mjølka skal vidareforedrast på setra.
3. På setra skal det vere hus for opphold og overnatting, fjøs og rom for handtering av mjølka.
4. Drifta skal ha godkjenninng av Mattilsynet.

#### Drift av fellesseter med foredling

*Alle deltakarane i fellessetra fyller ut sitt eige søknadsskjema, og fører opp tal deltakarar på kvart sitt skjema. Det er berre dei som deltek i foredlinga som skal føre opp dette tiltaket. Det kan vere eit mindre tal enn tal deltakarar i fellesseter.*

*Godkjenning av nye setrar må sjåast i samanheng med det som finst av tradisjonell seterkultur på staden og om det har vore seter ein gong. Jord som tidlegare har vore bruk til vanleg jordbruksdrift med busetnad heile året, skal i regelen ikkje godkjennast. Det er med andre ord ein føresetnad at seterområdet er eit tillegg til den daglege gardsdrifta, i eit område der det ikkje er naturleg å bu heile året.*

## §11. Tilskot til skjøtsel av enkeltståande freda kulturminne

Tilskot kan gjevast til føretak som skjøttar automatisk freda gravminne på areal som grenser til eller ligger på jordbruksareal. Med «grenser til» meinast at kulturminnet ligg slik til at det er ein naturleg del av jordbrukslandskapet som blir skjøtta. Gravminnet skal vere lagt inn i kulturminnebasen Askeladden. Gravminnet skal ikkje vere sterkt skada eller øydelagd.

Tilskotet blir utmålt per gravminne.

#### **Kommentar**

Aktuelle register for kulturminne:

- Riksantikvaren sin database «Askeladden»
- Økonomisk kartverk
- Møre og Romsdal fylkeskommune sitt arkeologiske arkiv

*Gravminnet skal skjøttast på ein måte som gjer det synleg og tilgjengeleg. Aktuelle skjøtselstiltak er manuell slått eller beiting. Det skal ikkje brukast maskiner som kan skade kulturminnet. Dersom gravminnet er forringa på grunn av attgroing, skal det ikkje godkjennast for tilskot. Det kan gjevast tilskot til inntil 20 gravminne per føretak.*



## Kapittel 5. Avrenning til vatn og kyst

### §12. Tilskot til ingen jordarbeiding om hausten

Føremålet er å unngå jordarbeiding om hausten, for å redusere erosjon og avrenning av næringsstoff fra ope åkerareal. Tilskot kan gjevast til føretak som utset jordarbeiding av kornareal til våren og kan gjevast til område ved særleg utsette vassdrag.

I vårt fylke er ordninga avgrensa til å gjelde areal der det blir dyrka korn i nedslagsfelta til elvane Surna, Driva og Rauma.

Tiltaket gjeld dermed kommunane Surnadal, Sunndal og Rauma.

Tilskotet blir utmålt per daa.

### §13. Tilskot til grasdekt kantsone i åker

Tilskot kan gjevast til føretak som har kantsoner med fleirårig grasdekke mellom åkerareal og vassdrag. Føremålet er å hindre/redusere erosjon og avrenning frå åkeren og rett i vassdraget.

Ordninga gjeld areal der det blir dyrka korn, poteter og grønsaker i nedslagsfelta til elvane Surna, Driva og Rauma, samt i Smøla kommune.

Sona det blir gitt tilskot for, skal ha ei helling ut mot vassdraget, ein breidde på minimum åtte meter målt frå normalvasstanden i vassdraget, der minst seks meter ligg på fulldyrka areal og 2 meter vegetasjonssone.

Den grasdekte kantsona skal ikkje starte meir enn 8 meter frå vassdraget. Grunnen til dette er at dersom avstanden er lengre, vil mykje av den naturlege kantvegetasjonen fange eventuell næringsavrenning frå åkeren.

Grasdekt kantsone skal ikkje gjødslast eller sprøyttast.

Grasdekt kantsone skal slåast, beitast eller pussast i søknadsåret.

Tilskotet blir utmålt per meter.

#### Kommentar

Vekstene skal være godt etablert om høsten i søknadsåret.

*Eventuell beiting skal skje utan unødvendig opptråkking, som øker erosjonsrisiko.  
Det er en fordel at graset fjernast frå arealet.*

*Tiltaket kan overlappe med §12*



## §14. Tilskot til vedlikehald av fangdam

Tilskot kan gjevast til føretak som har fangdam som er etablert på eller i tilknytning til jordbruksareal. Føremålet med tilskotet er å stimulere til at fangdammar utgjer eit effektivt rensetiltak og at vegetasjon i tilknytning til fangdammane blir skjøtta.

Tilskotet kan bli gitt årleg dersom fangdammen har tilfredsstillande reinseffekt.

Tilskotet blir utmålt per fangdam. Fagsystemet bereknar tilskotet per dekar.

Sidan søker må tegne tiltaket i kartet, kan dette medføre at arealet ikkje stemmer.  
1 dekar = 1 fangdam, 2 dekar = 2 fangdammer

Det er viktig at kommunen kontrollerer at talet på dekar stemmer med talet på fangdammar.

### Kommentar

*Fangdammen skal vere utforma slik at han fungerer etter hensikta. Viss det av Vann-nett kjem fram at det er problem med avrenning av laust fosfor, organiske stoff og nitrogen til vassdrag, må fangdam men ha både vegetasjonsfilter og sedimentasjonskammer. Viss hovudproblemet er partikelavrenning, kan fangdammen berre bestå av eit tilstrekkeleg stort sedimentasjonskammer. Meir om krav til av fangdammar kjem fram av NIBIOs [faktaark om fangdammer](#).*

### Etablering

*Bygging av fangdammar kan kome i berøring med ei rekke lovverk: Lakse- og innlandsfiskelova forureiningslova, jordlova, skogbrukslova, friluftslova og kulturminnelova. Dei viktigaste lovene ved inngrep i vassdrag er likevel plan- og bygningslova og vassressurslova. Søknad om å lage til fangdammar sendast til kommunen og til seksjon naturforvaltning hos Statsforvaltaren, som vil vurdere kva lover tiltaket skal regulerast etter. Det kan ikkje givast miljøtilskot til vedlikehald av fangdammar som er etablerte i strid med regelverket.*

### Tilskotet

*Tilskot vert gitt for gjennomføring av årleg tilsyn og nødvendige tiltak, og skal kompensere for bortfall av produksjonsareal. Tilskotet kan derfor bevigast årleg, forutsatt at fangdammen har tilfredsstillende reinseffekt.*

### Skjøtselsråd

- For å unngå utrasing og fallulykker for barn bør sidekantane ikkje vere brattare enn 1:2.
- Sikring med gjerde rundt sedimentasjonskammeret bør vurderast i kvart enkelt tilfelle.
- Sedimentasjonskammeret blir tømt ved behov.
- For å sikre sollys til nitrogenopptak bør sidekantane haldast fri for tre som skyggjer.



## Kapittel 6. Utslepp til luft

### §15. Tilskot til spreiing av husdyrgjødsel i vår-/vekstsesongen

Føremålet med tilskotet er å stimulere til at husdyrgjødsel og biorest blir spreidd på eit mest mogeleg gunstig tidspunkt for plantevokst. Det kan gjevast til føretak som spreier all husdyrgjødsela som føretaket brukar på sitt jordbruksareal om våren eller i vekstsesongen.

Vilkår:

- Siste frist for all spreiing av husdyrgjødsel på føretaket er 10. august
- Tilskot kan berre givast dersom all husdyrgjødsel som føretaket disponerer blir spreidd om våren og/eller i vekstsesongen, altså 10. august.
- Registrert areal for tiltaket gjeld kun der man har spreiing av husdyrgjødsel eller biorest.
- Mengda må svare til minst 5 kg total-N pr. daa.
- Avlinga blir hausta ved slått eller beiting etter siste spreiing.
- Føretaket skal ha dokumentasjon i form av gjødslingsplan og skiftenoteringar som viser sprededato, tidspunkt for nedmolding og gjødselmengd spreidd per dekar.

Tilskotet kan kombinerast med §18 bruk av tilførselslangar.

Tilskotet blir utmålt per dekar.

#### Kommentar

*Kor stor gjødselmengd 5 kg total-N tilsvarer i volum vil variere både med dyreslag og kor mykje vatn som er tilsett. Ei veldig grov rettesnor er at dette tilsvarer ca. 1 tonn blautgjødsel pr. daa. Noko meir dersom det er tilsett mykje vatn. For sau kan ein rekne 1 kg N pr. dyr pr. månad.*

### §16. Tilskot til nedlegging av husdyrgjødsel

Føremålet med tilskotet er å motverke tap av ammoniakk til lufta. Dette gjeld husdyrgjødsel og biorest blir lagt rett ned på jorda i staden for tradisjonell breispreiing.

Tilskot kan gjevast til føretak som brukar nedleggingsutstyr.

Vilkår:

- Det må vere brukt nedleggingsutstyr på arealet som er registrert for tiltaket.
- Mengda må svare til minst 5 kg total-N pr. daa.
- Arealet blir hausta ved slått eller beiting etter siste spreiing.
- Føretaket skal ha dokumentasjon i form av gjødslingsplan og skiftenoteringar som viser sprededato, tidspunkt for nedmolding og gjødselmengd spreidd per dekar.

Tilskotet kan kombinerast med:

§18 - bruk av tilførselslangar

Tilskotet blir utmålt per dekar.



## §17. Tilskot til nedfelling av husdyrgjødsel

Føremålet med tilskotet er å motverke tap av ammoniakk til lufta. Dette gjeld husdyrgjødsel og biorest blir lagt direkte i jordsmonnet i staden for tradisjonell breispreiing.

Tilskot kan gjevast til føretak som brukar nedfellingsutstyr.

Vilkår:

- Det må vere brukt nedfellingsutstyr på arealet som er registrert for tiltaket.
- Mengda må svare til minst 5 kg total-N pr. daa.
- Arealet blir hausta ved slått eller beiting etter siste spreiing.
- Føretaket skal ha dokumentasjon i form av gjødslingsplan og skiftenoteringar som viser spreiedato, tidspunkt for nedmolding og gjødselmengd spreidd per dekar.

Tilskotet kan kombinerast med:

§18 - bruk av tilførselslangar

Tilskotet blir utmålt per dekar.

## §18. Tilskot til bruk av tilførselslanger

Tilskotet skal stimulere til bruk av tilførselslange for spreiing av husdyrgjødsel og biorest. Bruk av tilførselsslangar for å transportere husdyrgjødsla ut på marka bidreg til å redusere køyreskader og jordpakking, og vil såleis vere eit tiltak som kan bidra til å redusere utsleppa av lystgass frå landbruket.

Det kan gjevast tilskot til føretak som spreier husdyrgjødsel ved hjelp av tilførselsslangar i staden for tankvogn.

Vilkår:

- Det må vere brukt tilførselslangar på alt areal som er registrert for tiltaket.
- Mengda må tilsvare minst 5 kg total-N pr. daa.
- Arealet blir hausta ved slått eller beiting etter siste spreiing.
- Føretaket må kunne dokumentere bruk av tilførselslange.

Tilskotet kan kombinerast med:

§15 - spreiing av husdyrgjødsel i vår-/vekstssesongen på føretaksnivå

§16 - nedlegging av husdyrgjødsel

§17 - nedfelling av husdyrgjødsel

Tilskotet blir utmålt per dekar.



## Kapittel 7. Miljøavtale og klimarådgjeving

### § 18. Tilskot til klimarådgjeving

Det kan gjevest tilskot til føretak som har gjennomført klimarådgjeving i perioden frå 15. oktober i året før søknadsåret til 15. oktober i søknadsåret. Føremålet er ein heilskapleg gjennomgang av utslepp og opptak av klimagassar på garden med sikte på kunnskapsoppbygging hos bonden og å gjennomføre klimatiltak.

Tiltaksplan og kvittering for utført rådgjeving må leggast ved søknaden. Den som har stått for rådgjevinga må vere godkjent som klimarådgjevar av Landbruksdirektoratet. På heimesida til Landbruksdirektoratet, under ordninga «Regionalt miljøtilskot i jordbruket (RMP)», er det lagt ut fylkesvis oversikt over alle som er godkjente som klimarådgjevarar. Tiltaksplanen må vere i tråd med dei krav som Landbruksdirektoratet stiller til tiltaksplanar for ordninga.

Det kan søkast om tilskot for klimarådgjeving fleire gonger. Dersom det blir søkt om tilskot i fleire søknadsomgangar, er det eit vilkår at det er utarbeidd ein ny og oppdatert tiltaksplan.

Aktuelle tiltaksklasser:

To-til-ein-rådgjeving	Tiltaksplan som omfattar fleire produksjonar. Eksempelvis både husdyrproduksjon og grovfôrproduksjon.
Ein-til-ein-rådgjeving	Tiltaksplan som omfattar ein enkel produksjon. Eksempelvis korn eller grønsaker.
Grupperådgjeving	Tiltaksplan som er utarbeidd med bakgrunn i rådgjeving retta mot to eller fleire føretak samla.

Det kan gjevest tilskot for berre ei gjennomført rådgjeving per søknadsomgang.

Tilskotet blir utmålt per føretak.

#### Kommentar

*Vurderinga må skje for det enkelte føretak. Ein-til-ein rådgjeving skal også brukast for føretak som berre har grovfôrproduksjon for sal (t.d. ei samdrift) og/eller anna planteproduksjon. Dette gjeld også føretak som berre har husdyrproduksjon på eitt eller fleire dyreslag.*



## Kapittel 8. Generelle føresegner

### § 19. Utmåling og utbetaling av tilskot

Tilskot blir rekna ut etter satsar som blir fastsett årleg på grunnlag av tilgjengeleg ramme og ferdigbehandla og godkjente søknader.

#### Kommentar

*Alle satsar i miljøprogrammet er førebelse. Endelege satsar vil bli fastsette innan 4. februar 2023. Det skjer på grunnlag av den økonomiske ramma og søknadsomfanget. I tidsrommet mellom 5. og 18. februar må kommunen gjøreendelege vedtak for (attestere) søknadene som skal gå til utbetaling.*

### § 21. Søknad

Søknad skal fremjast på søknadsskjema fastsett av Landbruksdirektoratet. Søknadsfristen er 15. oktober. For tilskot til beitelag er søknadsfristen 15. november.

Dersom søknaden blir motteken etter fristen, vil det tildelte tilskotet bli redusert med 1 000 kroner per dag, rekna fra utgått frist og i inntil 14 dagar. Søknader som kjem inn seinare enn 14 dagar etter fristen, vil bli avvist. Innvilga tilskot blir utbetalt til det føretaket eller beitelaget som fremja søknaden. Tilskotet kan ikkje overdragast til eige eller pant.

### § 22. Administrasjon, dispensasjon og klage

Vedtak om tilskot blir fatta av kommunen. Statsforvaltaren kan etter søknad i særlege tilfelle gje dispensasjon frå føreseggnene i denne forskrifta.

Vedtak fatta av kommunen kan klagast<sup>1</sup> til Statsforvaltaren. Vedtak fatta av Statsforvaltaren i første instans kan klagast til Landbruksdirektoratet.

Det kan berre gjevast dispensasjon frå krav i forskrifta. Det betyr at det ikkje kan gjevast dispensasjon frå tilskotssatsar, soner eller registreringsdato.

Det blir vist til Rundskriv 2024/17 frå Landbruksdirektoratet – Kap. 9

### § 23. Opplysningsplikt og kontroll

Føretak som søker tilskot, pliktar å gje alle opplysningar som kommunen, Statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet finn nødvendig for å kunne forvalte ordninga.

Kommunen, Statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet kontrollerer at utbetaling av tilskot er rett. Søkjaren pliktar å utlevere all bokføring, korrespondanse og noteringar som vedkjem tilskotet. Opplysningar gitt i samband med søknad om tilskot kan også kontrollerast ved teljing og måling på dei eigedomar som føretaket nyttar i drifta.

Det blir vist til Rundskriv 2024-17 frå Landbruksdirektoratet – Kap. 7

<sup>1</sup> Jf. lov av 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltingssaker (forvaltningsloven) kap. VI.



## § 24. Avkorting av tilskot

Dersom føretaket aktlaust eller forsettleg driv eller har drive verksemda si i strid med anna regelverk for jordbruksverksemde, kan heile eller deler av det samla tilskotet til føretaket bli avkorta. Det same gjeld dersom føretaket har gitt feil opplysningar i søknaden slik at søker eller andre har fått eller kunne fått feilaktig utbetalt tilskot.

Tilskotet kan også bli avkorta dersom føretaket

- Ikkje held dei fristar som kommune, Statsforvaltar eller Landbruksdirektorat har sett for å kunne oppfylle sine kontrolloppgåver etter § 22,
- Ikkje har gyldig gjødslingsplan, jf. Forskrift om gjødslingsplanlegging,
- Ikkje har ført plantevernjournal.

Det blir vist til Rundskriv 2024-17 frå Landbruksdirektoratet – Kap. 6.2

Det er naturleg å bruke dei same normene for avkortingsnivå i denne ordninga som for produksjonstilskot, jf. Forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket med tilhøyrande rundskriv.

## § 25. Tilbakebetaling og renter m.v.

Dersom føretaket som følgje av manglande oppfylling av vilkår i denne forskriften eller av andre grunnar har motteke ei utbetaling som ikkje er berettiga, kan det feilaktig utbetalte beløpet krevjast tilbakebetalt frå mottakaren eller motrekna i seinare tilskotsutbetalingar. Tilsvarande gjeld differansen mellom utbetaalt beløp og redusert tilskot som følgje av vedtak om avkorting etter § 23.

Det kan krevjast renter for tilbakebetalingskrav, dersom kravet ikkje blir innfridd ved forfall. Ved grov aktløyse eller forsett kan renter krevjast frå tidspunktet for utbetalinga av det urettmessige tilskotet. Storleiken på renta følgjer rentesatsen fastsett med heimel i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forseinka betaling m.m.

Krav frå offentleg myndighet som har utgangspunkt i føretaket si jordbruksverksemde, kan motrekna i seinare tilskotsutbetalingar til føretaket.

Det blir vist til Rundskriv 2021-13 frå Landbruksdirektoratet, § 50.

## § 26. Iverksetjing

Revidert forskrift vart sett i verk 24.februar 2023, og erstattar FOR-2021-07-06-2350.

Spørsmål om Regionalt miljøprogram for Møre og Romsdal kan rettast til kommunen eller Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.



Med helsing

Brit Kari Eidseflot Hauger (e.f.)  
underdirektør

Andreas Lillehei Aarset  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

**Mottakere:**

Vanylven kommune	Rådhusvegen 1	6143	FISKÅ
Sande kommune	Rønnebergplassen 17	6084	LARSNES
Herøy kommune	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG
Ulstein kommune	Postboks 143	6067	ULSTEINVIK
Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060	HAREID
Ørsta kommune	Dalevegen 6	6153	ØRSTA
Stranda kommune	Øyna 13	6200	STRANDA
Sykylven kommune	Kyrkjevegen 62	6230	SYKKYLVEN
Sula kommune	Postboks 280	6039	LANGEVÅG
Giske kommune	Valderhaug 4	6050	VALDERØY
Vestnes kommune	Rådhuset Brugata 10	6390	VESTNES
Rauma kommune	Vollan 8 A	6300	ÅNDALSNES
Aukra kommune	Kommunehuset Nyjordvegen 12	6480	AUKRA
Averøy kommune	Postboks 152, Bruhagen	6538	AVERØY
Gjemnes kommune	Nordmørsvegen 24	6631	BATNFJORDSØRA
Tingvoll kommune	Midtvågvegen 2	6630	TINGVOLL
Sunndal kommune	Postboks 94	6601	SUNNDALSØRA
Surnadal kommune	Bårdshaugvegen 1	6650	SURNADAL
Smøla kommune	Postboks 34	6571	SMØLA
Aure kommune	Postboks 33	6689	AURE
Kristiansund kommune	Postboks 178	6501	KRISTIANSUND N
Molde kommune	Rådhusplassen 1	6413	MOLDE
Hustadvika kommune	Tingplassen 1	6440	ELNESVÅGEN
Volda kommune	Stormyra 2	6100	VOLDA
Fjord kommune	Postboks 144	6211	VALLDAL
Haram kommune	Postboks 33	6282	BRATTVÅG
Ålesund kommune	Postboks 1521	6025	ÅLESUND